# KIRKEBLAD
FOR
# DAVIK

| Nr. 56 | Utkommer hver måned | Mai 1935 | Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik | 6. årg. |
|---|---|---|---|---|


## Misjonsbønn.

**Barmhjertige Gud, du som har skapt alle mennesker og ikke vil at nogen synder skal dø, men at han skal omvende sig og leve: Vis barmhjertighet mot alle hedninger og jøder, så de ikke må forakte ditt frelsende evangelium, men ta imot det i tro. Før dem hjem til dig, velsignede Herre, og la dem samles i den ene hjord under den ene hyrde, vår Herre Jesus Kristus, som med dig lever og regjerer i den Helligånds enhet fra evighet og til evighet. Amen.**

---

### Misjonssalme.

Mel.: Op all den ting.

Statt upp og gled deg, kristenfolk,
no lyser sol i lider,
sjå livsens ande, sannings tolk,
med ljos um landi skrider.

Eg ser eit syn som gjer meg glad:
Sjå folkeskarar strøymer
til sannings ljos i Sions stad,
det syn eg aldri gløymer.

Sjå folki kjem i tusundtal
frå tjon og tåredalar,
kring livsens brunn dei samlast skal,
og der si sorg dei svalar.

Dei kjem med lengt frå heidningland,
frå dødens natt og skuggar,
ser Kristi kross og frelsarhand,
Guds sæle ljos deim huggar.

Statt upp og gled deg, Kristi brud!
han heidningfolk hev funne.
Dei gjestingstider får frå Gud,
di von hev siger vunne.

Biskop **Støylen** i Nynorsk salmebok.

---

### Nu gjelder det å lyde.

Mat. 28, 16—20.

Når vi leser dette misjonens grunnord, så kan vi ikke være i tvil om hvad alt står og faller med i dette arbeid. Det er lydigheten.

Om apostlene ikke hadde lydt; om Paulus hadde sveket; om Olav Haraldsson ikke hadde satt livet inn; om biskop Schreuder hadde bøiet av for de utrolige vanskeligheter — —. Men de var lydige. Og så var Kristus med og gjorde sitt verk i dem og ved dem.

Idag er flokken av dem som sier de vil være med i misjonen, større enn den kanskje nogen gang har været i vårt land. Men det kommer det ikke an på. Det kommer an på om de — mange eller få — som sier de vil være med, vil gjøre det som Kristus befaler dem angående misjonen. — Hvad befaler Kristus oss idag? Intet menneske vil ta på sig å si de andre det i detalj. For Kristus vil ikke det samme av dig som av mig, og ikke det samme idag som igår. Gjennem hans følelser, belyst av hans ord, må vi for hver dag finne frem til hans vilje for å lyde den. —

I den forunderlige brokete og kritiske situasjon vi idag står i, er det dog et par ting vi ikke kan tvile på at Gud vil. La oss ta det praktisk og nevne dem bent frem. For det første: Ved den utrolige velsignelse han nettop nu øser over våre misjonsmarker, befaler han oss å nytte timen mens vi har den. Vi behøver ikke å spekulere efter anledninger til misjon. Vi har i en aldeles séregen mening bare å gå inn i de gjerninger som han forut har lagt til rette for oss. Nu gjelder det sikkert ikke å drøfte og drømme om fjerne fremtidsverk, men ganske enfoldig å være lydige i de muligheter Gud har gitt oss. — For det annet: Ved den hårde åndelige og økonomiske krise hele verden er havnet i befaler Gud oss å yte alt vi kan,

både åndelig og økonomisk. Midt i armoden vår får vi nu nemlig ikke glemme, at vi dog er rikere begavet med både Guds ord og timelig velsignelse enn de fleste andre folk i disse tider. Men enhver Guds gave rummer en befaling om å dele. Da kan det nu umulig gjelde om å spare og spekulere i forsiktighet. Men nu gjelder det å lyde.

Hvordan hver enkelt praktisk skal lyde, skal han nok gi oss klarhet over. Det skal neppe mangle på lys. Måtte det heller ikke mangle på *lydighet.*

Sogneprest **Smemo** i N. Mis.tid.

---

## Kven skal fritakast for å gjeva til misjonen?

1. Dei som trur at verdi ikkje er fortapt og ikkje treng ein frelsar.

2. Dei som trur at ein ikkje skal bry seg um Jesu ord: Gå ut i all verdi og forkynn evangeliet for all skapningen.

3. Dei som trur at evangeliet ikkje er ei Guds kraft som kan frelsa heidningane.

4. Dei som ynskjer, at misjonærar aldri hadde kome til våre fedrar og at vi enno var heidningar.

5. Dei som tykkjer, at ein berre skal tenkja kvar på seg, og som seier med Kain: Skal eg gjæta bror min?

6. Dei som ikkje ynskjer å ha noko del i Kristi endelege siger.

7. Dei som meinar, at dei ikkje har noko ansvar for dei pengar som Gud har gjeve dei. —

8. Dei som ikkje vil retta seg etter Jesu lov: Det som de vil at andre skal gjera mot dykk, det skal de gjera mot dei.

---

## Bønhøyring.

Denne hendingi har eg frå han som upplevde henne. Han var ein bønemann, vand med å leggja sine sorgjer fram for sin himmelske fader. Det hadde alltid vore vanskeleg for han økonomisk, men so lenge han var frisk, gjekk det nokolunde. So vart han sjuk, var ikkje i stand til å arbeida, korkje heime eller vekke. Han laut liggja like mykje som han var uppe. Med sjukdomen kom suti for utkoma, her det hadde vore trongt nok fyrr. Han var vand med å sjå det på andlitet åt kona si, når det tok til å minka med matforrådet. Matspursmålet var eit tema, som dei elles snakka minst mogeleg um, for det gjorde berre sorgi større å tala mykje um den ting. Ein dag seier kona: »Eg har ikkje meir mjøl, eg kokar det siste idag.« »Å ja, eg har set det på deg«, svara mannen. Meir vart ikkje sagt um den ting. Mannen gjekk ut til sin vanlege bønestad; der knelte han ned og fortalde det alt til sin himmelske far: »Du veit eg er sjuk; pengar har eg ikkje, og det er vel knapt nokon eg kan be um kreditt, no då det ser ut til at mine dagar ikkje vert so mange, og tigga er tungt å gjera. No har du sagt, at vi skal ikkje vera ottefulle for nokon ting, men koma til deg med våre suter. Du ser at vi no ikkje har det vi treng, og eg bed deg, du som har all makt i himmel og jord, at du vil hjelpa oss soleis som du ser det er tenlegt for oss.« O. s. v. Under bøni vart han full av tillit og frimod, so han kunde takka for denne store nåde, at han fekk lov å stola på ein so rik og mektig far, og kunde nynna på salmen: »Velt alle dine veie«.

Då han gjekk heimover att, kom han til å tenkja på, at han hadde ståande ein 60—70 kg. bygg. »Den får eg få malen«, sa han med seg sjølv. »Det varer ei tid det og; so ordnar nok Gud det so at det vert ei råd.« Det fall han ikkje inn då, at dette var ei bønhøyring. Byggen vart malen, og det vart ikkje tale um matmjøl på lenge. Då det hadde gått so lang tid, at mjølet skulde vera uppbrukt, tok mannen til å sjå etter andlitsdragi åt kona si; men der var ingen ting å merka. No måtte det sikkert snart vera slutt på mjølet, men då han ein dag spurde kona kor det var, sa ho: »Eg har endå.« Det gjekk atter ei heil tid og atter fekk han same svaret. Då tok mannen til å verta undren. Dette kunde ikkje rima seg. Han gjekk til mjøltunna og vilde sjå. Kor forbina vart han ikkje då han stod og såg ned i tunna. Ho var like full no som den dagen mjølet var havt ned i etter malingi! Det var same slags mjøl og, sammale byggmjøl. Det var for han eit under, som det med enkja i Sarepta. Mjølet varte til han kom seg fyre att og sjølv kunde kjøpa det som dei trong.

Gud hadde høyrt bøni hans og hjelpt han.

Det var vel ein eller annan i bygdi med betre råd som var minnt av Gud um å hjelpa på denne måten. »Han skal og veien finne, hvorpå din fot kan gå.« *A.*

---

## Nadverens frukter.

For det første: Det skal være alle kristnes høieste trøst å høre, at Jesu legeme er gitt for dem og Hans blod utøst for deres skyld. For hvis nogen tror dette, da er det umulig, at synden eller noget annet kan drive ham til fortvilelse. Han vet jo, at det som er hengitt for hans synd, er langt større enn denne selv. Men Kristus lar det ikke bli bare med den almindelige trøst i Ordet. Han gir dig sitt legeme og blod, forat du, *for din personlige del,* skal tilegne dig hans legeme og blod, som noget der gjelder for dig og tilhører dig. For det er det det kommer an på, at enhver av hjertet tror, at Kristus har lidt for *ham.* Derom vil Kristus forvisse alle kristne, idet de, hver for sig, mottar hans legeme og blod. Derfor kan man og si, at man i sakramentet mottar syndenes forlatelse. For hvor Kristus er, der er syndenes forlatelse, men her i sakramentet er nettop Han selv, Hans legeme og blod, tilstede. Den som mottar det i inderlig tro på, at Jesu legeme og blod er ofret for ham til syndenes forlatelse, — skulde ikke han ha tilgivelse for sin synd? Ikke ved den *gjerning* at han går til alters, men derved at han med hjertet søker sin frelser i sakramentet og i tro holder sig til hans ord om dette.

Den annen frukt av nadveren er at alle kristne derved skal holdes sammen i troens enhet. De kristne skal ikke alene høre det samme Guds ord og derved kalles til den samme tro og holde sig til den samme Herre. De skal også samles ved det samme bord, motta den samme åndelige mat og drikke. Derfor har man kallt nadveren en *kommunion,* d. v. s. samfund. Liksom mange korn blir malte og bakt sammen i ett brød, således er de som får del i det ene brød i sakramentet, ett brød, ett legeme. 1. Kor. 10, 17. Og liksom vinen kommer av de mange enkelte druer, således skal de kristne sammensmeltes til ett. Djevelen søker på så mange måter å forstyrre denne enhet og evighet, ti han vet godt hvor skadelig denne er for ham selv.

Dette sakramente er for det tredje også nødvendig av hensyn til den fiende som enhver bærer i sin egen barm. For du har, o menneske, en predikant hos dig, som eter og drikker, sover og våker med dig. Det er ditt eget kjød, den gamle Adam, ditt onde hjerte. Han preker uavladelig for dig, så du synker dypere og dypere, blir koldere og koldere og kommer i fare for helt å glemme Jesus og hans evangelium. Likesom nu den gamle Adam preker for dig om denne verdens ting, således står den kjære Herre Kristus på den annen side, kaller dig til sig, formaner dig å tenke på det evige liv, ber dig å komme Ham ihu som er død for dig på korset, optender ditt hjerte så det må lenges efter ham og vende sig til Ham og si: »Akk Herre, jeg finner ingen kraft i mig selv mot synden; jeg ber dig hjertelig: hjelp mig å være det ondes fiende, inngyd i min sjel en brennende lengsel og kjærlighet til dig!« Derfor har også Kristus gitt oss sin nadver, for å gjøre levende sin kjærlighet i våre hjerter til seier over all synd.

Tenk da selv, hvad man skal dømme om dem, som roser sig av sin kristendom, og dog lar det gå et, to, tre år og enda lenger, uten å ta imot sakramentet. Deres hjerter har Djevelen således inntatt, at de enten ikke bryr sig om sine synder og derfor heller ikke tenker på hvordan de skal bli løst fra dem, eller også elsker de det jordiske liv langt, langt høiere enn den evige salighet. Den sanne kristne mottar ofte og gjerne den hellige nadver, for han vet at han trenger den så sårt. Fra en preken av **Luther.**

---

†

## Våre døde.

22. febr.: Olav Ødegård, son til gbr. Rasmus Ødegard; f. 1931; drukna i ein brunn.

18. mars: Lars Paulsson Sollibakke, g. karmann; f. 1850; alderdom.

21. mars: Knut Simonsson Tytingvag: ug.; f. 1874; influensa.

21. mars: Henrik Walaker, Daviknes, ug. rentenist; f. 1854 i Hafslo; hjerneslag.

22. mars: Marte Andersdtr. Øvrebø, Berle; karenkje; f. 1834; alderdom.

23. mars: Sigurd Sivertsson Hestevik, g. gbr.; f. 1906; hjernesjukdom.

24. mars: Synneve Jensdtr. Torheim; kårenkje; f. 1840 på Myklebust; alderdom.
4. april: Anna Andersdtr. Tømmerstøl, kona til gbr. Johan Tømmerstøl; f. 1868 på Manset i Eid; hjerneblødning.

**Ein ende kjem, ja, enden kjem, han vaknar mot deg, sjå, det kjem.**
Esekiel 7, 6.

## Notisar.

**Marte Øvrebø** i Berle døydde 22. mars. Ho var det eldste menneskje i prestegjeldet; ho fyllte 101 år den 6. januar iår.

**Protesten mot fostermord** har i heile landet fått ikring 300 000 underskrifter.

**Døypte.** 31. mars: Sverre, f. 23. febr. av foreldre Knut Andersson Nore og k. Signe Rasmusdtr. — S. d. Brita, f. 5. jan. av f. Anders Olsson Leivdal (Brobakke) og k. Anna Andersdtr. — S. d. Aud Møyfrid, f. 4. jan. av f. Olav Johansson Tømmerstøl og k. Eli Olsdtr. — 7. april Asbjørn, f. 12. jan. av f. Karl Johansson Isane og k. Oline Andersdtr.

**Basarar:** I Rimstad 2. des. 1934 til Kinamisjonen 150 kr. — I Aalfot 25. mars til indremisjonen kr. 67.57.

**»Et vanskelig problem.** Før kirkedepartementet tar standpunkt til forslaget om å opheve klokkerstillingene, vil meteorologisk institutt gi innstilling om, hvem det i fremtiden bør dryppe pa når det regner på presten.« (Vestl. Avis).

**For 100 år sidan.** Døde: 9. mai 1835 Hans Rasmussen Davignæs, gårdsmandssøn, 30 år. — 29. mai Magdeli Pedersdtr. Uglen, lægdslem, 79 år. Vigde: 29. mai: Ungkarl, huusmand Torgjer indre Isene, 32 år, son til Ellef Josephsen, og enke Oline Gjegnalund, 41 år, dotter til Ole Larsen Askeviig.

**Gudstenester.**
4. sund. etter påske, 19. mai: Rugsund.
5. sund. etter påske, 26. mai: Aalfot.
Kristi himmelf.dag, 30. mai: Totland.
6. sund. etter påske, 2. juni: Davik.
1. pinsedag, 9. juni: Davik.
2. pinsedag, 10. juni: Rugsund.
Treeinings sundag, 16. juni: Aalfot.

Ved alle gudstenester altargang um nokon ynskjer det. 1. pinsedag vert det ofring til heidningmisjonen, 2. pinsedag til sjukepleien.

**Kvittering for kontingent.** Davik: Peder R. Bøen 3 kr. — Reksnes: Jens Reksnes 3. — Kjølsdal: Marie Bruvoll, Matias B. Eikås 2. — Rimstad: Valdemar Totland 5. — Maurstad: Brynjel Maurstad 2; Lars I. Maurstad 2.50. Hamnen: Lærar Hunskår 2.50. Elise Hunskår, Østen Holmen, Søgni Hunskår, Ingeborg Klubben 2. — Endal: Lars Endal 2. — Nordstrand: S. Dyhedal, Karl Rødeggen 5, Johs. Falkevik, Jørgen Eldevik 3; Hans Brunsvik, Edv. Bergesen 2. — Utanbygds: Matias Rimstad (Oslo) 2. — Hjarteleg takk til alle.

## Salme.

Tone: Å tenk på Gud i ungdoms år.

Sjå verdi full av gåvor er
som allmakts bod frå himlen ber
til hjarta vårt med milde.
Men sjå korleis vårt hjarta er,
uvitande, forbi me fer,
sjå upp me ikkje vilde.

Guds ord, det tala sterkt og stilt
til syndarhjarta, varmt og mildt,
um kvila, fred og lukka.
Hans kjærleiks kraft den største er
som frå oss syndebyrdi ber,
når me til han vil sukka.

Å Gud, du styra må vårt liv
so me oss burt frå syndi riv,
til krossen oss kan klyngja.
Hjelp oss å venda um til deg,
å finna fram på livsens veg,
din lov og pris å syngja.

Men sjå, det tungt og bittert er
so ofte i den vonde verd
si eigi lyst forsaka.
Men når ein stråle frå din kross
fær nådig lysa ned til oss
din kjærleik fær me smaka.

Å gjev me hugen bøygja må
og ærleg til vår frelsar gå
med alle våre tankar,
so me i prøvor lutra vert,
fornektar det som var oss kjært,
Guds nådestrålar sankar.

Ja, deg me aldri gløyma må,
men mot det ljose målet sjå,
i voni kvar dag liva.
Då sorgi vert til gleda vend,
og me av Frelsaren vert kjend'.
Kva kan han meir oss giva?

**S. K.**

## Et ord til trøst.

For en tid siden døde en ung frue efter kun 4 års ekteskap. Under et langt og smertefullt sykeleie fant hun sin trøst i Gud. Hennes søster som passet henne, viste oss en liten gulnet lapp med to små vers som hun fikk til konfirmasjonen av sin gudfar. De bragte henne stor trøst, da hun matte gjøre sig fortrolig med døden. — De lyder slik:

Når synet i min egen sjel jeg senker,
når ofte på mitt eget liv jeg tenker,
da må jeg skamfullt mig til jorden bøie,
og tør ei løfte blikket mot det høie.

Men ser jeg på den frelse Jesus bringer,
en sang om nåde i mitt hjerte klinger.
Da kaster jeg mig med min synd og smerte
i Jesu navn inn til Guds faderhjerte.

**P. F.** i »Dagen«.

Ed. B. Giertsens Boktrykkeri